

ÅRSMELDING 2023

Rosendal Båtlag

Styremedlemmer i perioden:

Bodil Øyre	formann	På val
Per Bråttun	kasserar	På Val
Oddgeir Mælen	sekretær	På Val
Leif Nygård	hamnesjef	
Knut B. Eik	dugnadssjef	På val

Andre verv i perioden:

Valnemnd:

Rune Sandnes	På Val
Romar Skeie Olsen	

Revisorar:

Kristen Tore Christensen
Gunnar Onarheim

Varamenn til styret:

Frank Matre	På val
Ronny Joa	

Styremøter i Perioden:

I løpet av året har det vore 3 styremøter.

Styret har hatt nokre uformelle arbeidsmøter i samband med slutføringa av dei nye bryggene og sal av utliggarar med meir.

Det har ikkje vore ekstraordinære årsmøte i perioden.

For dei som ynskjer meir detaljar om styresakene så er styreprotokollen tilgjengeleg.

Aktivitet i 2023:

Styret har i 2023 utført ordinære oppgåver.

Opplisting av fokusoppgåver:

- Generell drift av hamna
- Generelt vedlikehald er utført ved individuelle dugnadsdagar. Aktivitetane i år har i stor grad vore begrensa til landsida. Noko justering av kaiar.

- Tilpassing av brygger.
 - Justering av brygger
 - Kjøp av spesial brygger
 - Ferdigstilling av straum/vatn
- Sal av utriggarar og opprydding
- Vidareført samarbeidet med Friluftsrådet vedrørende drift av toalett

Sal av båtplassar i 2023:

Det vart selt 3 båtplassar i løpet av året. Ventelista er på 33 personar.

Styret sine forslag til aktivitetar i 2024:

- Montera Spesial brygger
- Vanleg drift av anlegget
- Utføra naudsynt vedlikehald
- Opplæring av fleire til å køyre slipp
- Vurdere kompensasjon for Hamnesjef